

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
095/2014	Formannskapet i Radøy	PS	18.12.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Øyvind Hatleli	14/2103	14/13398

### Høyringsuttale Regional plan for vassregion Hordaland - Radøy kommune

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune ser positivt på arbeidet med å sikre ein felles, bærekraftig bruk av vassressursane på tvers av sektormynde, og ynskjer å vera ein aktiv bidragsytar til at måla i vassforskrifta vert nådd.

Radøy kommune vil framheva behovet for styrkja økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikre gjennomføringa av aktuelle tiltak innanfor ulike sektorområder. Slik kommunen ser det, er tiltaka ei grovkartlegging av moglege tiltak, kostnad og kven som har ansvaret i vassførekomstar som i dag ikkje oppnår miljømåla.

Den samfunnsøkonomiske konsekvensen av tiltaka er etter kommunen si meining for dårleg utgreidd til å ta endeleg stilling til tiltaka. Kartlegging og oppgradering av spreidde avlaup vil vere kostnadskrevjande og ei vurdering av kostnad knytt til dette må utgreiast. Dette gjeld spesielt der det er knytt usikkerheit til påverkingskjelde og påverkingsgrad. Tiltak må settast i gong når ein veit kvar effekten vert størst.

Utslepp frå landbruket er ei utfordring som ein ikkje veit omfanget av. Det vert halde møter jamleg med informasjon om problema med avrenning frå jordbruket, men det vil vera eit føremøn at ein kan gje støtte gjennom tiltaksordningane RMP og SMIL for å få i gong effektive tiltak. SMIL-strategien for Radøy kommune skal reviderast i 2015, og det vil då vere naturleg å leggje inn støtte til tiltak mot betre gjødselhandtering. Det vil også vere mogleg å påverke RMP-tildelinga gjennom innspel til Fylkesmannen. Kartlegging for å finne dei områda der effekten vert størst må prioriterast før ein kan sette i gong gode tiltak.

Radøy kommune vil jobba vidare med dei tiltaka som kommunen har mynde for eller sjølv har ansvar for å få gjennomført. Det gjeld tiltak innanfor landbruk og avlaup. For oppfølging av andre tiltak må kommunane få kompensert for nye oppgåver som fylgje av vassforskrifta.

#### Saksopplysingar:

##### 1. kva saka gjeld:

Vassregionmyndigheita for vassregion Hordaland legg no Regional plan for vassregion

Hordaland 2016-2021 med tiltaksprogram ut på høyring og offentlig ettersyn, etter vedtak i fylkeskommunane Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane. Føremålet med planen er reinare vatn og betre økologi i vassdrag, innsjøar, grunnvatn og kystvatn.

Denne planen er den første av tre slike planar for vassregion Hordaland. Planvedtaka blir i 2015, 2021 og 2027 og arbeidet går fram til 2033. Den regionale planen for Hordaland set miljømål for 1803 vassførekomstar i vassdrag, innsjø, kyst og grunnvatn. Tiltaksprogrammet har 912 tiltak for å førebygge eller forbetre tilstanden der det er naudsynt.

Det viktigaste faktagrunnlaget er samanstillt og vurdert i den nasjonale kunnskapsdatabasen for vassforvaltning, [www.vann-nett.no](http://www.vann-nett.no) og [www.vannportalen.no](http://www.vannportalen.no).

Overvåkingsprogram for vassregion planen er vedlegg til planen.


Høringsfrist er 31.12 2014. Endelig forslag til plan blir utarbeidd av vassregionmynde som er fylkeskommunen i samarbeid med vassregionutvalet. Slutthandsaming av planen skjer i dei respektive fylkeskommunane våren 2015. Vedtatt regional plan vert sendt over til sentral godkjenning ved Kongen i statsråd innan 1. juli 2015.

Planen gjev regionale og statlege føringar til kommunane, regionale og statlege organ og skal bidra til å samordne og gi retningslinjer for arealbruken på tvers av kommune- og fylkesgrensene. Dersom retningslinjene ikkje vert følgt, gir dette grunnlag for å fremja motsegn etter plan- og bygningslova.

Den regionale planen fastsett miljøkvalitetsnormer for elvar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn. Miljømåla vert fastsett i tråd med §§ 4-6 i vassforskrifta og unntak vert fastsett etter §§ 8-11. Den regionale planen legg føringar for når ein skal ha nådd miljømåla, høvesvis innanfor planperioden 2016-2021 eller utsett til seinare planperiodar (2022-2027 eller 2028-2033).

Tiltaka skal være operative innan tre år etter at tiltaksprogrammet er vedtatt og det er dei ulike sektormynde som er ansvarleg for oppfølginga av tiltaka.

I 2007 vedtok Stortinget Forskrift om rammer for vassforvaltninga (*vassforskrifta*), som implementerer EUs rammedirektiv for vatn i norsk rett. Formålet med vassforskrifta er å gi rammer for fastsetting av miljømål som skal sikre ein mest mogleg heilskapleg forvaltning og bærekraftig bruk av våre vassressursar. Forskrifta skal sikre at det vert utarbeidd og vedteke regionale forvaltningsplanar og tiltaksprogram for kvar vassregion, med sikte på å oppfylle miljømåla. Samstundes skal vassforskrifta syte for at ein sikrar seg naudsynt kunnskapsgrunnlag for å kunne gjennomføre dette arbeidet. Ein skal karakterisere alle vassførekomstar før ein startar på undersøkingar og overvaking som gir grunnlag for tiltaksplanar. Vasskvalitet er stikkordet for alt arbeid, og målet er å oppnå minimum god økologisk og kjemisk tilstand - i utgangspunktet i alle vassførekomstar.



Figur 1. Miljømålet for alt vann er god tilstand.



Figur 2. Planhjulet for gjennomføring etter vassforskrifta.

### 3. Organisering av arbeidet etter vassforskrifta:

Alt arbeid med oppfølging av vassforskrifta i Noreg er delt inn i vassregionar. Vår kommune er med i vassregion Hordaland og vassområdet Nordhordland der Kjersti Isdal er prosjektleiar.

#### Organisering av vassområdet

Arbeidet etter vassforskrifta vil krevje eit stort engasjement frå kommunane og staten, også etter at vassforvaltnings- og tiltaksplaner er vedtekne. Vassområdeutvalet skal sikre eigarkommunane sin medverknad og forplikting, samt fagleg forankring og kontinuitet i arbeidet mot god kjemisk og økologisk vasskvalitet. Vassområdeutvalet skal også koordinere det vidare tiltaksarbeidet og være ein arena for kompetanse, erfaring og samhandling.

#### Korleis planen vil påverke kommunen

- Som mynde, til dømes for pålegg knytt til spreidd avløp i tråd med forureiningslova. Dette krev lokalpolitiske prosessar rundt vedtak og gjennomføring, ikkje minst fordi dette i hovudsak er private anlegg som ikkje er gebyrfinansiert.

- Som tenesteprodusent, til dømes innanfor VA, landbruk, kraftprodusent eller hamneeigar. Dette er område som kan påverke om ein når miljømål, og som kan få ansvar for gjennomføring av tiltak. Ein utfordring er at manglande kunnskapsgrunnlag vil kunne medføre pålegg om kostnadskrevjande tiltak utan sikker effekt.
- Som samfunnsutviklar, til dømes i samband med å sikre balanse mellom miljømål og gode rammevilkår for næring (kraftproduksjon, fiskeri, industri). Mål og ambisjonar må balanserast opp mot kostnader og nytte ved tiltaka.

### Forankring av planar i kommunen

Vedtekne forvaltningsplanar med tiltaksprogram må innarbeidast i den enkelte kommune sine planar; kommuneplan, kommunedelplanar og handlingsplanar/aktorplanar.

I tillegg er det i forslaga til forvaltningsplaner primært definert tiltak som fell inn under kommunen sitt sektoransvar. Det manglar informasjon og tiltaksforslag frå mange andre sektorar. Det kan derfor være fristande å gripe fatt i dei tiltak som allereie er foreslått – kor kommunane har ansvaret for dei fleste. Det vert då ein risiko for at dei endelege tiltaksplanane ikkje er prioritert etter eit kost-nytte-prinsipp, men at tiltaka med mest presise kostnadsvurderingar vert valt.

Om ikkje sektorinteresser som landbruk, fisk, veg, jernbane og energiproduksjon blir med som fullbyrdege påverkare i forvaltningsplan m/tiltaksprogram – og der tiltak vert prioritert ut i frå gode kost/nytte-berekningar – blir det ingen heilskapleg vassforvaltning. Miljømål vil da bli innfridd på ein svært kostnadskrevjande måte, og det vil ikkje være mogleg å innfri alle mål.

### **4. Vurdering av framlegg til tiltak i Radøy kommune**

Det er i Radøy kommune hovudsakleg avlaup og landbruk som er kjeldene til forureining og der kommunen har mynde.

Tiltaka som vert foreslått på Radøy med omsyn på avlaup er reinseanlegg med strenge fuksjonskrav for Bøvågen, Gjerdsvatnet, Hauglandsvatnet, Mykingsvatnet, Vestvatnet og Hallandsvatnet. Dette er vatn med dårleg vasskvalitet der Radøy kommune har hatt krav om reinseanlegg sidan *lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune, 01.09.2010*. vart gjeldande. Dette er gjeldande for alle nyanlegg, eller ved oppgradering av eksisterande anlegg.

For Nesvatnet vert det foreslått kartlegging og registrering av avlaup i spreidd busetnad som tiltak. Her har kommunen utført tiltak som gjer at alle utslepp (også overvassdrift) vert ført ut i Mangersfjorden via reinseanlegget. Men eventuell tilførsel som kjem frå enkeltutslepp er ikkje identifisert og gjort noko med.

På Sletta er det gjort ei opprydding, der eit kommunalt avløpsanlegg (reinsing via slamavskillar med utslepp til sjø) er montert. Om lag 40 enkeltutslepp er no kopla til dette anlegget. På Rossneset har alle hytter som er tilknytt kommunalt vatn fått godkjent utsleppa sine. Det er gjennomført tiltak der utslepp etter slamavskiljarar er ført via felleisleidningar til djupt vatn.

Det er i tiltaksprogrammet foreslått to tiltak mot forureining frå landbruket: Informasjon, rettleiing og kompetansebygging, og problemkartlegging. Landbrukskontoret har tidlegare

kome med informasjon ut til bøndene om problema med avrenning frå jordbruket, og kva tiltak som kan vera aktuelle, men det er vanskeleg å nå ut til dei det gjeld. Her vil det vera eit føremon å kartleggje kvar problema ligg, slik at ein kan fokusere på områda der det trengs mest. Ved å gje støtte til tiltak gjennom tilskotsordningane SMIL og RMP vil naudsynte tiltak bli lettare å gjennomføre.

### **Trykte vedlegg:**

Høringsbrev, datert 30.6.2014

Regional plan for vannforvaltning i Vannregion x (2016-2021)

Regionalt tiltaksprogram for Vannregion x (2016-2021)

Notat: Kortversjon av høringsdokumentene

### **Utrykte vedlegg** (kan lastes ned fra [www.vannportalen.no/](http://www.vannportalen.no/)):

Planprogram for Vannregion x, godkjent av FT x. dato

Vesentlige vannforvaltningsspørsmål for Vannregion x, godkjent av VRU xx. 2013

Tiltaksanalyse for x vannområde

### **Formannskapet i Radøy - 095/2014**

#### **FS - handsaming:**

Ordførar Jon Askeland viste til at BKK i to eigarmøte har oppmoda eigarkommunane til å ivareta vasskraftprodusent sine interesser andsynes høyringsuttalen for Vassregion Hordaland.

*Ordføraren kom med følgjande tilleggsframlegg:*

Radøy kommune meiner at høyringsnotatet i for liten grad fokuserer på dei overordna perspektiva i høve klima, forsyningstryggleik og verdiskaping. Hordaland er eit stort fornybarfylke, kor det vert produsert store mengder vasskraftbasert energi. Me meiner kost/nyttevurderingar av tiltaka er for lite utgreidd, og viser til at dei føreslegne tiltaka er berekna til at vasskraftprodusent åleine kan tapa 130 millionar kroner årleg på tiltaka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak, pluss ordføraren sitt tilleggsframlegg, vart samrøystes vedteke.

#### **FS - vedtak:**

Radøy kommune meiner at høyringsnotatet i for liten grad fokuserer på dei overordna perspektiva i høve klima, forsyningstryggleik og verdiskaping. Hordaland er eit stort fornybar-

fylke, kor det vert produsert store mengder vasskraftbasert energi. Me meiner kostn/nyttevurderingar av tiltaka er for lite utgreidd, og viser til at dei føreslegne tiltaka er berekna til at vasskraftprodusent åleine kan tapa 130 millionar kroner årleg på tiltaka.

Radøy kommune ser positivt på arbeidet med å sikra ein felles, berekraftig bruk av vassressursane på tvers av sektormynde, og ynskjer å vera ein aktiv bidragsytar til at måla i vassforskrifta vert nådd.

Radøy kommune vil framheva behovet for styrkja økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikra gjennomføringa av aktuelle tiltak innanfor ulike sektorområde. Slik kommunen ser det, er tiltaka ei grovkartlegging av moglege tiltak, kostnad og kven som har ansvaret i vassførekomstar som i dag ikkje oppnår miljømåla.

Den samfunnsøkonomiske konsekvensen av tiltaka er etter kommunen si meining for dårleg utgreidd til å ta endeleg stilling til tiltaka. Kartlegging og oppgradering av spreidde avlaup vil vera kostnadskrevjande og ei vurdering av kostnad knytt til dette må utgreiast. Dette gjeld spesielt der det er knytt usikkerheit til påverkingskjelde og påverkingsgrad. Tiltak må setjast i gang når ein veit kvar effekten vert størst.

Utslepp frå landbruket er ei utfordring som ein ikkje veit omfanget av. Det vert halde møter jamleg med informasjon om problema med avrenning frå jordbruket, men det vil vera ein føremon at ein kan gje støtte gjennom tiltaksordningane RMP og SMIL for å få i gang effektive tiltak. SMIL-strategien for Radøy kommune skal reviderast i 2015, og det vil då vera naturleg å leggja inn støtte til tiltak mot betre gjødselhandtering. Det vil også vera mogleg å påverka RMP-tildelinga gjennom innspel til Fylkesmannen. Kartlegging for å finna dei områda der effekten vert størst må prioriterast før ein kan setja i gang gode tiltak.

Radøy kommune vil jobba vidare med dei tiltaka som kommunen har mynde for eller sjølv har ansvar for å få gjennomført. Det gjeld tiltak innanfor landbruk og avlaup. For oppfølging av andre tiltak må kommunane få kompensert for nye oppgåver som fylgje av vassforskrifta.

**Vedlegg:**

Vedlegg

Regional plan for vassregion Hordaland 2016 - 2021 - høyring